


Skildring av endring etter forenkla prosess, jf. PBL §12-14

Reguleringsplan for Rv. 41 Kvitsund Gymnas – Kviteseidkrysset, g/s-veg
PlanID 38212022003

02.11.23

Rev. 23.01.24




Kviteseid kommune



Oppdrag nr.:	Dato:
10074	02.11.2023

Mindre endring av reguleringsplan for Rv. 41 Kvitsund Gymnas – Kviteseidkrysset, g/s-veg, etter forenkla prosess, jf. PBL 12-14, omfattar fylgjande areal:



Arkivsak:	k-sak 057/23
Planens namn:	Reguleringsplan for Rv. 41 Kvitsund gymnas-Kviteseidkrysset, g/s-veg
PlanID:	38212022003
Gjeldande plan vedtatt:	14.09.23
Forslagsstillar:	Kviteseid kommune v/Olav Kjetil Greivstad
Plankonsulent:	Aquapartner Telemark AS
Dato (planomtale mottatt kommunen):	
Planendring vedtatt:	

1 Bakgrunn for planendring

Kviteseid kommune ynskjer å legge til rette for eit vegserviceanlegg tett på rv. 41. Samstundes vil kommunen frigjera arealet som vert nytta til bensinstasjon i sentrum i dag. Den nyleg vedtekne reguleringsplanen, *Rv. 41 Kvitsund gymnas-Kviteseidkrysset, g/s-veg* (planID 38212022003), som sikrar areal til nytt kryss og g/s-veg legg grunnlaget for fylgjande planendring, der arealet i dag er regulert til annan veggrunn. Det er ynskeleg å utnytte og stramme opp arealet som blir igjen i mellom rv. 41 og Midtsundvegen. Området er også viktig som innfallsport til Kviteeidbyen.

Området ligg sentrumsnært til i Kviteeid kommune, og tett på rv. 41 og krysset ned til Kviteeidbyen. Omkringliggende område er prega av landbruksdrift, bustadområde og elles sentrumsfunksjonar. Samferdselsanlegg og infrastruktur utgjer også ein stor del av dagens arealbruk.



Figur 1. Arealet med eksisterande løysing for kryss. Planområdet utgjer arealet som blir igjen mellom rv. 41 og Midtsundvegen etter bygging av nytt kryss, og gang- og sykkelveg (Google Earth).



Figur 2. Konseptet er tufta på ny løysing for kryss og trasé for g/s-veg som er synt i 3D-vegmodell frå gjeldande reguleringsplan, *Rv. 41 Kvitsund gymnas-Kviteseidkrysset, g/s-veg* (SVV).

1.2 Konsept


Terregn og landskap legg føringer for arealbruken då det er eit smalt og avgrensa areal. Som fyrste ledd i arbeidsprosessen vart det utarbeidd eit romprogram og eit konsept for å få eit bilete på korleis ein kan utnytte arealet, og ev. kva funksjonar som er ynskjeleg å få plass til. Grunna landskap og topografi, vil det vera nødvendig å etablere murar for å ta opp høgder, uavhengig av korleis området vert utnytta. Konseptet som ligg til grunn for planendringa er på ingen måte bindande, men gjev ein peikepinn på korleis arealet kan utnyttast slik at ein i planendringa oppnår eit tilstrekkeleg og fleksibelt areal. Det er på bakgrunn av dette skissert ulike alternativ. Detaljprosjektering må skje i samband med bygesak.

Konseptet er tufta på å skape ein framtidsretta energistasjon som legg til rette for el-bil ladestasjonar og med fokus på å skape ein god stoppestad langs rv. 41. Med godt gangsamband til sentrum vil ein òg bygge opp under og styrke gangtrafikken ned til handelsstanden i Kviteseidbyen. Tanken bak er at reisande tek turen ned til sentrum medan bilen ladar, eller at dei oppheld seg i ei aktivitetssone. Det vil vera rom for å legge til rette for aktivitetar i form av apparat, sitjebenkar og liknande.


Som det einaste tilbodet i Kviteseid, når arealet i sentrum vert frigjort, vil ein også vektlegge innpass av vaskehall. Med mur kan ein legge alt på eitt nivå. Då vil tomta bli større, og det kan etablerast drivstoffpumper, el-ladestasjonar, vaskehall etc., og samstundes sikre manøvreringsareal tiltenkt lastebil. Om ein til dømes vel å legge tomta på kt 113, og med ca. 3-4% fall, vil det medføre murar på ca. 3-6m (fig. 5). Alternativt kan det vera ei løysing over to nivå. Då vil det vera høgdeforskjell mellom nivå 1 og 2, som ein kan utnytte og med det oppnå høgare utnyttingsgrad. Høgdesprangen kan utnyttast til mellom anna vaskehall, WC og matservering. Det er òg viktig å planlegge for eit godt køyremonster for å på best mogleg vis gjera arealet trafikksikkert, og om mogleg leie mijuke trafikantar bort frå køyrearealet. Dette er bakrunnen til at ein byggjer vidare på trasé for g/s-veg frå gjeldande reguleringsplan. Området vil få avkjøring frå riksvegen. Grønstruktur vil bidra til å skape ein tiltalande innfallsport til Kviteseidbyen, og vil vera ein viktig del av oppstramminga av kryssområdet.



Figur 3. Forslag til endring er tufta på dette konseptet, som gjev ein peikepinn på kor stort areal som er naudsynt, og viser ein av fleire måtar ein kan utnytte arealet på.



Figur 4. Forslag til løysing over to nivå.



Figur 5. Prinsippsnittet viser omtrentleg høgde på murane med ei løysing over eit nivå. Det er lagt inn helling mot vest (fylgjer g/s-vegen) og sør, med ca. 4 %.

1.3 Planprosessen

Bakgrunnen til at arealet ikkje vart tatt med som ein del av reguleringa for gjeldande reguleringsplan, var for å unngå ei ev. forseinking av prosessen som i hovudsak var tiltenkt å sikre areal til g/s-veg og kryss. For at desse tiltaka skulle bli realisert, i høve til planar og budsjett, var det naudsynt å få sikra regulerte areal utan at planprosessen vart påverka av fylgjande mindre endring. Denne prioriteringa førte til at arealet som er ynskt nytta til energistasjon blei tatt ut av prosessen den gong, og blei regulert til arealformålet annan veggrunn (o_AVG). Dette er bakgrunnen til at det no er ynskeleg å gjennomføre ei mindre endring av gjeldande plan, etter forenkla prosess, jf. PBL 12-14, og at ein slik kan sikre areal til energistasjon. Det vurderast som hensiktsmessig å kunne etablere energistasjonen saman med kryset, og g/s-vegen. Dette vil også vera positivt med tanke på massehandtering, miljø, kostnad og tid.

1.4 Medverknad

Arealet grensar til bustadtomt gnr. 39, bnr. 79, og gardsbruket gnr. 39, bnr. 2. Kommunen har vore i møte med dei aktuelle grunneigarane, og har lagt fram konsept og skisser for å syne mogleg utnytting av området. Som ein del av konseptfasen, vart det utarbeidd fleire alternativ, og det er med omsyn til nærliggande eigedomar tatt ei vurdering om at ein energistasjon må etablerast innanfor arealet som er i kommunalt eige.

Etter at føreslått endring blei sendt på høyring kom det tre merknadar til arbeidet, tab. 1

Tabell 1.

Innspel	Kommentar
Vestfold og Telemark fylkeskommune	
Ingen merknadar	
Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark	
Ingen merknadar	
Statens vegvesen	
<ul style="list-style-type: none">- Planen manglar byggjegrenser. Med utgangspunkt i ei vurdering av avstand mellom riksvegen og annan eksisterande busetnad i området, er ei naturleg byggjegrense her min. 15 meter.- Arealet som er avsett til gang- og sykkelvegen er i eit fallande terren, og det vil bli eit skråningsutslag inn mot/ned mot energistasjonsområdet. Dette må takast omsyn til i planen. Dette inneber at delar av arealet som i hovudsak er regulert til annan veggrunn ikkje må omregulerast.- Gang og sykkelvegen vist i planen er ikkje realisert. Men det er viktig at ein allereie no konkretiserer framtidig eigedomsgrense mellom veg og energistasjon. Vanlegvis blir skråningsutslaget frå veg/gs-veg (fyllingar/skjeringar) lagt inn i eigdomsområdet til vegen.- I dette relativt snørike området vil breidda på snøopplaget langs gs-vegen måtta bli minst 2 meter. Areal til snøopplag vil bli innlemma i eigdomsområdet til vegen og vil ikkje vera disponibelt for energistasjonen.- Det er ikkje avsett manøvreringsareal for større køyretøy som skal levera varer og drivstoff på område. Her må ein sjå på løysingar slik at ein ikkje får ein situasjon med rygging ut på riksvegen.	<ul style="list-style-type: none">- Det vert sett ei byggjegrense 2m frå kant av g/s-veg i plankart. Det utgjer 13m frå senterlinje av rv. 41.- Dette løysast med mur, ref omtale av konsept i kap. 1.2.- Dette løysast med mur, ref omtale av konsept i kap. 1.2.- I arealet, som er avsett mellom rv. 41 og g/s-veg, er det tatt ekstra høgde for snøopplag med 4 m breidde på annan veggrunn. I tillegg regulerast det inn 2m annan veggrunn langs g/s-veg.- Arealet ned mot Midtsundvegen kan utnyttast betre ved å etablere mur. Dimensjoneringsklasse må avklarast ved detaljprosjektering.


2 Skildring av planendring

Planendringa inneber ei endring av arealformålet annan veggrunn og omfattar del av gnr. 39, bnr. 77. Arealet som er tiltenkt energistasjon regulerast til kombinert bebyggelse og anleggsformål (1800), med underformåla energistasjon/vegserviceanlegg (EV), servering (SE) og rastepllass (RP). Det er mellom anna høve til å etablere drivstoffpumper, ladestasjonar og vaskehall innanfor arealformålet. Ein energistasjon vil vera eit anlegg som tener riksvegen, og området får såleis avkøyring frå rv. 41. Statens vegvesen set krav til at avkøyring skal prosjekterast i samsvar med N100, som legg føringar for avstand til kryss, breidde og siktsoner. Avkøyring må vera i god avstand til krysset, og det skal vera ei inn- og utkøyring. Det er sett av rikeleg med areal til avkøyring på bakgrunn av eit ynskje om å sikre fleksibilitet. Om det i ettekant av reguleringa vert utarbeidd eit konsept som gjev rom for større køyretøy, enn konseptet som er omtalt i kap. 1.2, er det moglegheit til å legge til grunn større dimensjoneringsklasser. Ved detaljprosjektering bør ein ta høgde for kva køyretøy konseptet legg til grunn. Ved å ha store avkøyringar inviterer ein også til større køyretøy. Det er difor viktig at radiusen i avkøyring er i samsvar med kva for køyretøy det er dimensjonert for på sjølve plassen.


Trasé for rv. 41, g/s-veg og Midtsundveg vidareførast og vert ikkje endra på. I føresegner vert det råda til å etablere grønstruktur, med moglegheit for å opparbeide aktivitetssone. Ein vidarefører annan veggrunn i tilknyting til Midtsundvegen (o_V3). Annan veggrunn mellom g/s-veg og rv. 41 har 4m breidde for å ekstra med areal til snøopplag. Det er regulert inn siktzone til rv. 41 (6x61m og 6x70m), og til g/s-veg (3x50m). Det er sett ei byggegrense på 15m etter innspel frå SVV.

Området er godt utbygt med teknisk infrastruktur i samband med nabofeltet, og ein byggjer vidare på det kommunale vass- og avlauspanlegget. Det skal nyttast lokal energi til å drifta energistasjonen, drifta av Telemark Nett AS. Forsyning av energistasjonen kan koplast til Midtsund Nordre, eller opp til kabelmast mot Brokefjell. I den samanheng vert det sikra gjennom føresegner at det kan etablerast trafo innanfor arealformålet kombinert bebyggelse og anleggsformål.

Utsnitt av gjeldande plan og endra plan



Utsnitt av gjeldande plan



Forslag til endring

3 Forslagsstillars vurdering av verknadar av planendringar og planfagleg vurdering

Vurderinga om at føreslått endring av gjeldande plan oppfyller krava til å bli behandla etter forenkla prosess har bakgrunn i at endringane i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen for øvrig, då trasé for g/s-veg, rv. 41 og Midtsundvegen vidareførast. Det er arealet mellom g/s-veg og Midtsundveg som i gjeldande plan er regulert til annan veggrunn (kommunal grunn) som vert påverka av endringane. I eit miljøperspektiv vil det vera positivt å kunne samkøyre opparbeiding av g/s-veg og kryss med fylgjande mindre endring, i forhold til handtering av massar og masseflytting. Likedan kan ein dra fordelar knytt til opparbeiding av dyrka mark, som omtalt i kap. 6.8.2 i omtala til gjeldande plan.

Verknadane av planendringa rettar seg i større grad mot naboar, då aktivitetsnivået vil endre seg som fylgje av forslaget. Frå å vera annan veggrunn, og vegetasjonsprega areal til eit område tilpassa for vegfarande. Samstundes vil det medføre positive verknadar ved at arealet vert opparbeidd, og stramma opp. Grønstruktur vil vera ein viktig kontrast til asfalerte flater. Planendringa vil gje heimel til å etablere eit tilbod til nytte for alle, både fastbuande og besøkande.

Endringa fører til at det vert etablert ei ny avkjøring frå rv. 41, og med det ei ekstra kryssing av g/s-vegen. Det er regulert inn siktsoner, som er i tråd med krav i N100 (SVV).

I ein større samanheng vil den mindre endringa bidra til å gjera arealet i sentrum, som i dag er nytta til bensinstasjon, tilgjengeleg. Det vil gje betre utviklingsmoglegheiter og større handlingsrom. Arealet ein vel å ta i bruk i kryssområdet er sentrumsnært og eigna til eit formål som skal tene riksvegen. Ein ser det som hensiktsmessig å utvikle arealet med eit sideblikk på utbetringa av rv. 41 og framtidig trafikkauge.